

Årsmøte Kviteseid misjonsmenighet 5. februar 2017

1:

Opning ved Sigrunn Solvang.

2:

Årsmelding skreven av Oddvar, vart lesen opp. Ingen merknader til denne.

3:

Reknskap v/ Ove Solvang

Kollekt og gåver hadde ein nedgang i fjor på 26 000 ifht 2015, (minnegåve til Betel etter gravferda til Signe Turid T. Haugen gav ca 24 000) Me har et "overskudd" på over 100 000 i 2016, omtrent som dei siste åra har vore.

Honorar til talarar/kjøregodtgjersle.

Nokre talarar har fastsatt pris sjølv, elles får dei tilbod om honorar etter Misjonsforbundets norm.

Nokre tek ikkje noko honorar.

Ove gjev seg som kasserar etter mange år og fleire perider. Han har gjort ein solid kasserarjobb over fleire år og me er svært takksame!

4:

Val v/ Ane S. Holm

Ane har vore i valkomiteen dette året (-saman med Aslaug Thormodsvik som gjekk bort i november). Magnus Kvalbein har takka ja til å ta over stafettspinnen som kasserar, han kallast inn på styremøta ved behov. Gunhild Berntsen vil vere revisor. I styret er det ønske om å være 5 stk (mot 4 stk i 2016). Øystein Kvamme og Sigrid Loftstad fortset 1 år til, Oddvar Hægeland og Sigrunn L. Solvang tek 2 år til. Mari Songe går inn som styremedlem. Anders Songe har eit år igjen som vara, og Tone Fosse går inn som vara for 2 år. Anlaug Solvang ha sagt ja til å være i valkomite saman med Ane.

5: Vedtektsendring ifht nytt navn.

Misjonskirken sentralt oppmodar menighetane til å endre namn til misjonskirke/kyrkje. Dette vart vedtatt .Betel har allereie bestilt og hengt opp nytt skilt med Kviteseid Misjonskyrkje. Nettstaden vår er "Misjonskyrkja.no". I Vest Telemark Blad heiter me framleis Kvitseid Misjonsmenighet. Ny "heading" er bestilt men det tek tid å få. Brønnpøysundregistrene må få tilsendt adressa vår.

6:

Kollekt på søndagsreffa går framleis til det diakonale prosjektet i Colombia "Jakobs hus". Det er enighet om å fortsette å gje til dette prosjektet. Det vart uttrykt ønske om å jamnleg formidle noko av innhald frå breva, når dei kjem, på søndagstreffa slik at ungane får enda meir eigarskap til prosjektet.

7:

Informasjon frå styret til drøfting:

1. Fast givarteneste. Takk til alle som gjev. Øvre grense for skattetrekk er satt opp frå 25 000 i 2016 til 30 000 i 2017.
2. Passpåklubben har ikkje vore i drift dei siste åra, og trailsykkelen vart solgt på Finn i fjor. Det er ein del paintball-utstyr som er gjeven frå Hallvard Jørgensen, og det er kjøpt inn utstyr (hjelm, vernebriller, maling og markør) for 54 000 frå 2010-2014. Mykje av dette er lagra. Kva skal me gjere med utstyret? Forslag om å tilby det til andre menigheter/ Fredheim/fredagsklubben? Det hadde vore fint om andre kan bruke dette i ungdomsarbeidet

da dette erfaringsmessig når andre ungdommar enn dei som vanlegvis kjem innanfor dørene i menighetane våre. Styret vil ta stilling til dette. Theo var flink til å søke midler og det er framleis 24 000 på konto. Kva skal me gjere med desse pengane? Det vart bestemt at 20 000 skal overførast til Betel og deretter sendes til Jakobs Hus. Resten skal framleis stå på Passpå-konto.

3. “Velkommen hjem!” av Viggo Clausen. Menigheten har sendt førespurnad til han om søndagstreff. Me har ikkje fått dato for dette enda. Han sende svar på mail der han tilbyr og foreslår opplegget “velkommen hjem”. Dette opplegget går over fleire dager og innebærer aktivitetarrangement for barn, familieforestillingar, foreldrekurs, nattcafe for ungdom, skulebesøk, sfo-arrangement, godhetsteam i nabolaget osv. Det er eit omfattande og ressurskrevande opplegg, men verker veldig bra. Det ville i så fall vore fonuftig å ha som felleskristeleg prosjekt i Kviteseid. Kanskje det kunne fungert som fellesmøter eit år? Me vart oppfordra til å lese om det og be for dette så tek Sigrid det med til fellesmøtekomiteen til drøfting.

8: Samtale om arbeidet vårt og møteverksemda m.m.

1. Menighetens hovedmøte er Søndagstreffa. Det fungerer bra, men det krever også mange ressursar. Oppmøtet er bra. Mange søndager er det ikkje søndagstreff. Styret er også opptatt av desse søndagene. “Vanlege møter” har det vore lite oppmøte på, dei to bibeltimane til Amund Rannestad har fått bra tilbakemeldinger og det var bra konsept med å gå rett på undervisning og ha spørsmål og svar til slutt. Me må fortsatt prøve å unngå å kollidere med for eksempel “0-100-samlingane” på misjonshuset. Søndagstreffa er verdt å invitere andre på! La oss bli flinkare til å favne flere barn og familier (også dei som er kirkeframande) “Ta-med-en-ekstra”-utfordring.
1. Fredagsklubben: Ann Christin Grutle og Øystein er Betel sine medarbeidere på dette. Hugs å be for desse samlingane.
2. Lovsangsbandet på fredagsklubben er også et samarbeidsprosjekt mellom Betel og Fredheim, men dei spiller svært sjelden på Betel. Det er satt opp en lovsangskveld 26. februar men dei er også invitert til søndagstreff. Venter på svar.
3. Fellesmøtekomiteen. Sigrid har overtatt Betel sin plass i fellesmøtekomiteen der Olav Holm har vore representant tidlegare. Det vert fellesmøte i Kviteseid 21.-23. april i Kyrkja og Egil Svartdal talar. Normisjonen har ansvar for møtevert og kollektør, Betel har ansvar for møteledelse. Aslaug pleide å være kasserer, men Kristen Salmelid har overtatt den posten. Møtene vil være kl 17 alle dagene, da vil det være enklere for også barnefamilier å komme. Det vil være barnepass under alle møtene. Lørdag har Betel ansvar for å finne barnepassere. Fredag vil Fredheimkoret stå for sangkreftene, det var ytret ønske frå komiteen at Olav kunne sette sammen en gjeng forsangere til lørdag. Søndag får kyrkjekoret førespurnad om å stå for det musikalske. Dersom kyrkjekoret ikkje takkar ja, så kom det forslag om at lovsangsbandet kan ha søndagsmøtet. Evt også lørdagsmøtet. Dei øver kvar veke og er svært gode! Sigrid tek dette vidare til komiteen. Onsdag 5.april vert det felles bønnemøte på Betel for fellesmøta.
4. Godhetveka. 8.-13. mai med fellesgudsteneste 14. mai. Same opplegg som tidlegare. Liste der ein kan skrive seg på som arbeidar er printa ut og er å finne på Betel. Skriv deg opp der du vil bidra. Aslaug pleide også å være kasserer her, men Kristen Salmelid har teke over denne oppgåva.

5. Agder- og- Telemark- Aksjonen. Det vert innsamling også i år frå Betel. Aslaug har i åresvis vore drivkrafta i dette, men Sigrid har tatt kontakt. Sannsynligvis blir det i mai-juni.

9: Eventuellt

1. Kort gjennomgang frå samtale med 12-13-åringane på Betel 29.januar. Åsbjørg Hægeland refererer: God samtale med ungdommane, fleire kom med innspel om at dei ønsker diverse endringer i søndagstreffa: litt "spenning" i møtene, meir ungdommelige sanger m.m. Alle ungdommane fekk utdelt skjema og kryssa ut dei oppgåvene dei ønska å bidra med eller absolutt ikkje ville bidra med. Det kom fram nokre overraskelser! Fleire har fått oppgåvene sine på den nye ansvarslista som ligg på nett. Foreldre må sjekke listene og hjelpe ungane. Dersom det vert for mykje så gje tilbakemelding til Sundagstreffkomiteen. Me vil gjerne at dei unge skal oppleve at dei vert tatt på alvor, at dei speler ein viktig rolle i menigheten vår, men det skal ikkje oppleves som enda meir stress i skulekvardagen.
2. Me må prøve å revidere "barnesang-skatten".
3. Kanskje nokon unge kan ta imot utfordringen med å lese et bibelvers i starten på søndagstredda? Evt ha dette som eigen bolk i ansvarslista på søndagstreffet?
4. Heretter er det viktig å passe på at ungane et og drikk seg ferdig i kjellaren før dei går opp og speler Wii.
5. Takkebrev? Forrige takkebrev vart sendt våren 2016 og spørsmålet er om det skal sendast i år også. I så fall kan Solidus (dataprogr) oppgi navn og beløp som en kan bruke som utgangspunkt. Det er mest viktig ifht dei medlemmer som bur langt borte eller som er sjuke/gamle og ikkje kan delta i møtene.

Ref. Tone Fosse